

SKULETUR TIL ROMA 30.09.18 - 04.10.18

Kjære deg som skal gå i 3PÅ/3KDA skuleåret 2018-2019. Vi, Louise Nilsson og Marit Beathe Kyrvestad, er allereie godt i gang med å planlegge ein innhaldsrik Romatur til hausten. På grunn av bestilling av flybillettar og anna, er det viktig å vite nøyaktig kor mange som vert med. Ver snill å gje raskt beskjed til skulen om planane dine skulle endre seg. Meld også frå om særskilte behov eller andre omsyn vi bør ta.

Reisefakta:

Det vert felles avreise frå skulen søndag 30. september til Bergen og flyavgang frå Flesland kl. 13.40. Då er vi i Roma kl. 19.50. Vi er tilbake på Flesland torsdag 4. oktober kl. 16.35. Haustferien startar der, så heimreisebillettar kan bestillast frå Bergen. Dei som vil til Balestrand får skyss tilbake dit same dag.

Dette bør vere med til skulestart (må leverast seinast 1.september):

- gyldig pass (sjekk utløpsdato)
- helsetrygdekort (kan bestillast på nettsida <https://helsenorge.no/>)
- gyldig reiseforsikring

Skulen betaler:

- fellestransport frå Sygna til Bergen (dei som vel å reise på annan måte, betaler sjølve)
- alle reiseutgifter tur-retur Bergen – Roma
- overnatting i Roma, inkludert frukost
- inngangspengar til obligatoriske ekskursjonar (museum o.l.)

Eleven dekker sjølv

- frivillige aktivitetar
- utgifter til mat. Internatelevar får refundert kostpengar for dei dagane vi er borte, så det dekker noko av utgiftene til mat
- samt reisa frå Bergen og heim (for dei som ikkje skal til Balestrand)

NB! Skule- og internatreglementet gjeld for heile turen. Det er null-toleranse når det gjeld alkohol. Turen vert avslutta **etter** at vi har passert tollene!

Vi gleder oss!



Helsing Louise og Marit Beathe

